



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

12.04.2024

Vår ref:

2024/3630

Dykkar dato:

01.03.2024

Dykkar ref:

202213665

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om planendring og utsett byggjefrist for Muggåselvi kraftverk i Voss herad

Statsforvaltaren meiner at Muggåselvi kraftverk, saman med overføringa til Evanger kraftverk, vil føre til ei høg utnytting av vassføringa. Flyttinga av inntaket frå kote 380 til kote 510 vil føre til inngrep i eit veglaust, og svært viktig friluftsområde, og dette vil i stor grad auke inngrepa ved ei utbygging. Vi rår frå planendringa slik søknaden ligg føre. Vi har ikkje merknader til at byggjefristen for det konsesjonsgjevne prosjektet får utsett byggjefrist.

Vi viser til høyringa av søknadar om planendring, og utsett byggjefrist med fem år, for Muggåselvi kraftverk.

Omtale av planendringa

Planendringa går ut på:

- flytte plasseringa av inntak frå kote 380 til kote 510, med ny og forlenga vassveg i grøft
- auke effekten i frå 2,6 MW til 3,5 MW
- endre plasseringa av kraftstasjonen frå kote 25 til kote 30
- endre trasé for retningsstyrt boring, med justerte koter for påhogg og utslag
- justere konsesjonsgitt røyrtrasé noko oppstrøms/nedstraums borreparsellen

Søknaden er økonomisk motivert, og tiltakshavar vurderer endringa som nødvendig for å kunne realisere ei utbygging av Muggåselvi, og dermed utløyse eit årleg energiutbytte på 9-10 GWh.

Merknader til søknaden om planendring

Muggåselvi kraftverk er ein del av ei stor utbygging som òg omfattar Tverrelvi kraftverk, og overføringane av øvre delar av dei to elvane til Evanger kraftverk. Vi (dåverande Fylkesmannen i Hordaland) fremja motsegn mot overføringane av det øvre nedslagsfeltet til Muggåselvi i høyringa av konsesjonssøknaden. Vi rådde ikkje frå ei utbygging av Muggåselvi utan desse overføringane, og ei slik utbygging ville fått større restvassføring enn alternativet som fekk konsesjon.

Flyttinga av inntaket opp til kote 510, vil innebere at ytterlegare 520 meter elvestrekning får redusert vassføring etter ei utbygging. I tillegg skal det leggjast om lag 500 meter røyrgate i eit veglaust område vidare oppover dalen frå det konsesjonsgitte inntaket. Dette vil vanlegvis seie ei

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



inngrepsbreidd på 15 – 25 meter. Ein ny 750 meter lang anleggsveg vil delvis gå felles med røyrgata. Det tolkar vi slik at vegbreidda vil kome i tillegg til røyrgatetraséen på delar av strekninga, slik at inngrepsbreidda kan bli enda større.

Den nye tiltaksstrekninga ligg i eit svært viktig friluftsområde. Det går tursti opp dalen, til stølane og vidare innover fjellet. Det er nemnt i søknaden at stien vil bli sterkt påverka av røyrgata på ei lengre strekning, og at stien i praksis må takast ut av bruk i anleggsperioden. Det er vist til at det finst andre stiar som vil sikre tilkomst til stølsområda. Vi reknar med at elva kan sjåast frå stien og at lyd frå elva òg vil bidra til turopplevinga. Det er nemnt i miljørapporten at det er innslag av eldre furutre, noko vi òg ser på bilete i søknadsgrunnlaget, og desse har verdi for naturmangfaldet, og bidreg til landskapsopplevinga ved elva og turgleda. Det går fram av søknaden at inntaket er planlagt nedanfor stølen, og ikkje vil bli synleg frå derfrå.

På grunn av at Muggåselvi kraftverk inngjekk i eit stort utbyggingsprosjekt, er det komplisert for oss no å finne att grunngevinga for den konsesjonsgitte inntaksplasseringa. I tillegg til vassdragstekniske og økonomiske grunnar til at inntaket blei planlagt på kote 380 rett ved Horgavegen, som der svingar vestover og bort frå elva, kan det sjå ut til at det òg kan vere lagt vekt på å unngå inngrep i den veglause elvedalen vidare oppover. Med vassveg i sjakt på delar av strekninga opp til det konsesjonsgitte inntaket, som altså skulle plasserast nær veg, står den gitte konsesjonen fram som ei langt meir landskapstilpassa utbygging enn dei nye planane.

Miljørapporten er basert på feltinnsamling 15. september 2021. Dette er seint i barmarksesongen, men eigna til å kunne vurdere mosar, sopp og lav, og til ein viss grad karplanteflora. Det er for seint til å kunne kartleggje hekkefugl, og eventuelt insekt, som er mest aktive på solrike sommardagar i den sørvendte lia. Rapporten seier at det er lite potensial for sjeldne eller raudlista kryptogamar i denne delen av vassdraget. Denne artsgruppa er ikkje kartlagt av spesialist, og vurderinga er basert på geologien på strekninga, at det ikkje er påvist kløfter/fossesprøytsone, og tidlegare kryptogamundersøkingar lenger nede. Vi har ikkje vesentlege merknader til denne vurderinga.

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe. Konsekvensane for fossefall kan avbøtast ved å plassere ut hekkedassar på gunstige stader.

Middelvassføringa ved nytt inntak er på 0,52 m³/s, men denne vil bli redusert til 0,34 m³/s når den konsesjonsgjevne overføringa til overføringa til Evanger kraftverk blir realisert. Planlagt største slukeevne for Muggåselvi kraftverk på 0,9 m³/s, vil utgjere 2,6 gonger det som blir middelvassføringa etter overføringa. Nedanfor det nye inntaket vil middelvassføringa bli redusert til 0,08 m³/s, ut frå opplysningar i miljørapporten. Framtidig kraftproduksjon vil utnytte 85 prosent av vassføringa i uregulert tilstand, om våre utrekningar stemmer.

Den nye tiltaksstrekninga ser dermed ut til å behalde berre 15 prosent av dagens vassmengd gjennom året. Elva vil miste det meste av den naturlege dynamikken og vil stort sett gå med stabil minstevassføring. Dette vil i stor grad redusere elva som landskapselement sett frå turstien mot stølen og fjellområda, og det kan få negative konsekvensar for vasstilknytte artar.

Gjeldande konsesjon har vilkår om slepp av minstevassføring berre på nivå med alminneleg lågvassføring (0,035 på m³/s), og det er ikkje planlagt å endre dette. Det er vanleg å kompensere med slepp av miljøbasert vassføring på 5-persentilnivå differensiert for sommar- og vinterperioden, om det er viktige natur- eller friluftsverdiar som skal ivaretakast ved ei utbygging.



Etter vår vurdering er det planlagt ei hard utnytting av Muggåselvi. Vassutnyttinga er høg, vurdert ut frå vår erfaring med småkraftprosjekt som har fått konsesjon dei seinare åra, men dette har nok NVE betre grunnlag til å vurdere. Planendringa vil i stor grad auke inngrepa samanlikna med gjeldande konsesjon, og dette vil få konsekvensar for turopplevinga i eit svært viktig friluftsområde. Dei nye planane vil òg auke den samla belastinga for vasstilknytte artar i og ved elva. Vi rår frå planendringa slik søknaden ligg føre.

Planendringa er berre sendt på avgrensa høyring. Vi meiner at planendringa bør sendast på ei breiare høyring, og i alle fall til interessentar som hadde merknader til den opphavlege konsesjonssøknaden.

Vi ser i planendringssøknaden på s. 17 at borekaks og avløpsvatn skal handterast i tråd med krav frå Statsforvaltaren. Vi må då presisere at tiltakshavar må avklare med oss om tiltaket krev løyve etter forureiningslova. Dette gjeld uavhengig av utfallet for planendringssøknaden.

Merknader til søknaden om forlenga byggjefrist

Vi kjenner ikkje til ny kunnskap som gjeld det konsesjonsgitte prosjektet, og vi har ikkje avgjerande merknader til at byggjefristen blir forlenga i tråd med vilkår nr. 4 i konsesjonssøknaden.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Voss herad
Vestland fylkeskommune
Miljødirektoratet

Postboks 145
Postboks 7900
Postboks 5672 Torgarden

5701	VOSS
5020	BERGEN
7485	TRONDHEIM